



Hella Bedehus v/ Stenar Vågenes  
Grindheimsvegen 30  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/296 - 17/8770

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
30.06.2017

## Svar på søknad om aktivitets- og prosjekttilskot - Hella bedehus

Viser til søknad datert 30. april om støtte til leiropphald og utstyr.

Radøy kommune sine retningslinjer for kulturmidlar seier at prosjekt- og aktivitetsstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd.

Hella bedehus sitt tilbud til born er eit flott tilbud til born i kommunen. Innkjøp av utstyr som kan gje meir variert aktivitet i aktivitetsklubben er eit tiltak som fell under retningslinene for aktivitets- og prosjektstøtte. Me vil difor gje eit tilskot på 1500 kroner til dette, som er om lag halvparten av kostnadene til innkjøpt utstyr. Midlane vert utbetalt til dykkar konto.

At familiar sin økonomi set begrensningar på borna si deltaking i fritidstilbod, er ei problemstilling for svært mange lag og organisasjonar i kommunen. Kommunen kan likevel ikkje gje støtte til dette gjennom ordninga aktivitet- og prosjektstøtte, då det fell utanfor retningslinene. Dei familieane det gjeld kan kontakta NAV og søkja om støtte.

Me beklager at det tok lang tid før de fekk svar på søknaden!

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om rett til å klaga på eit forval (L)(118525)

**Mottakarar:**

Hella Bedehus v/ Stenar Vågenes

Grindheimsvegen 30

5936

MANGER